

Referat frå møte i Lykling sokneråd

Tysdag 30.01.2018 kl.18.00

Møtestad: Lykling kyrkje

Til stades Roald Drønen, Torunn Tveita, Sissel S. Gåsland, Roald Stautland, Hildegunn Sortland Våge, Margunn Ersland og Alfhild Hestenes

Opningsord ved Margunn. Las fjerde vers av salmen på nr.434 og diktet «Elske grensene» av Wera Sæther

Sak 01-18: Godkjenning av referat og innkalling

- Godkjent utan merknader.

Sak 02-18: Meldingar og skriv

- Ny sak 07-18: Tilsetjingskomite i høve ny kontor for Jostein. Då vert Ymse sak 08-18.
- Ynskje frå gravferdsbyrået om noko meir utstyr dei kan nytta ved gravferder: lysestakar til kubbelys, djupare vasar, kvite dukar o.a.

Sak 03-18: Temakveldar våren 2018.

- «Ønskekonserteren» 23.01. vart ein positiv og kjekk kveld som gjerne kan gjentakast. Kantor Jostein tykte og det hadde vore ein fin kveld.
- Temakvelden 20.03.er lagt til Bremnes kyrkje sidan der er betre plass. Me ynskjer å ta opp kollekt og meiner at den bør delast likt mellom Bremnes og Lykling sokneråd.
- **20.03.**, same datoen som temakvelden i Bremnes kyrkje, er og sett opp fasteaksjon, KN-aksjonen, der konfirmantane samlar inn fastebøssene.
Lykling sokneråd flyttar denne til måndag 19.03.

Sak 04-18:Andre aktivitetar i kyrkja, m.a. tårnagenthelga 3.og 4. mars.

- Usikkert om øvingskveldane til kora frå Bømlø og Moster i Lykling kyrkje ligg ute på nettet under Lykling kyrkje. Viktig at dette kjem inn der det bør vera.
- Liv Merethe har ansvar for tårnagenthelga 3. og 4. mars. Ho kan venda seg til Anne Grethe Espevik for råd og hjelp.
- Konfirmanttreff for fjorårskonfirmantar tek Roald D. seg av.
- Roald D. ynskjer gjerne deltaking i fleire gudstenester. **Alfhild** spør om Lydius kan vera med på gudstenesta 17.mai.

Sak 05-18: Kyrkjekaffi våren 2018

- Soknerådet ynskjer kyrkjekaffi etter gudstenesta 4.mars, tårnagentgudsenesta. Evt. ved fleire høve tek me opp neste gong.

Sak 06-18: Arbeid som er gjort i bårehuset. Orientering.

- Huset vert heretter kalla **servicebygget**. Arbeidet så godt som ferdig. Noko småarbeid og maling står att.
- Ein nøkkel er sakna, men kyrkjegardsarbeidarane har vore inne, så dei veit kanskje noko om denne.
- Toalettet vil forbli stengt for folk flest. Det skal vera der for kyrkjegardsarbeidarane.
- Kyrkjegardsarbeidarane skal mala i sommar.

Sak 07-18: Tilsetjingskomite i høve ny kontor i Lykling og Bremnes.

- Jostein har signalisert at han kjem til å slutta som kontor til hausten.
- Administrasjonsutvalet skal tilsetja ny kontor. Det kjem forslag om ein tilsetjingskomite der det i tillegg vert med ein representant frå kvart av dei to sokneråda.
- Lykling sokneråd vel *Torunn Tveita* som vår representant i denne komiteen.

Sak 08-18: Ymse

- Hildegunn leverer konfirmantkappene til reinsing.
- ***Kyrkjelyden sitt årsmøte ynskjer me å ha søndag 4.mars etter kyrkjekaffien, om rekneskapet er godkjent av revisor. Skulle ikkje det gå, ynskjer soknerådet årsmøtet etter påskedramagudstenesta kl.18.00 torsdag 22.mars.***
- Konfirmantfesten 29.04. Mat: Betasuppe frå Opplev Bømlo slik som i fjor.(til same pris) Torunn tek kontakt med fjorårsforeldre for hjelp.
- Høyring om den nye gudstenesteordninga frå kyrkjerådet. Kyrkjekontoret har oppnemnt komite for å arbeida med denne. Deira uttale går så til staben. Sokneråda kan vidare få uttalen til godkjenning.
- *Me begynner neste møte kl 18.00*

Neste møte 27.februar 2018

SAKSEID, 31.01.2018

Margunn Ersland

-Sekretær –

